



Norway Cup-spelarar klare for avreise frå Uskedalen.

I går var første kampdag i Norway Cup, det vart ein god start for dei lokale laga. Etter det vi kan sjå vart det siger til alle laga frå Uskedal unntatt eitt. Sjå: <https://norwaycup.no/informasjon/kampoppsett-norway-cup-2019/> . G14 opna med ein imponerende 6-0 siger, og frå Bjørn Olav Tveit som trenar laget saman med Stig Berge-Soldal, har vi fått rapporten nedanfor. Vi håpar på fleire kamppapportar og bilde frå Oslo den komande veka.

Gutane på Rosendal/Uskedal G14 spelte sin første kamp i årets Norway cup på søndag. Motstandar var Grüner frå Oslo som spelar i 1. divisjon, og kampen føregjekk på ei glovarm Ekebergsletta. I 32 dirrande varmegrader var både gutane og trenarane spente på korleis varmen ville påverke innsatsen, og heile føremiddagen gjekk med til å innta store mengder væske og elles forbruke minst mogleg energi.

Gutane frå Rosendal/Uskedal tok tidleg styringa på kampen. Med høgare balltempo, betre teknikk og knallhard defensiv innsats, hadde Rosendal/Uskedal god kontroll på opninga, men utan ballen ville i mål. Først halvvegs i første omgang klarte Gaute Lyngnes Tungesvik å overlister motstandaren si målvakt, og etter dette festa Rosendal/Uskedal eit endå hardare grep om kampen. Til pause var stillinga 4-0 etter mål av Alex Capoeiro, Vebjørn Hjelmeland og Magnus Hauge.

I andre omgang kom det inn 5 nye spelarar, og Rosendal/Uskedal heldt oppe det store overtaket. Med hurtige kombinasjonar og giftige avslutningar, sytte spelarane for at Grüner sin målvakt fekk ein travel dag på jobben. Spesielt må nemnast kanonkula frå Jonas Hansen som han fyrte av etter å ha finta ein Grüner-forsvarar opp på tribuna, diverre treffe ballen stolperota bak ein sjanselaus keeper. Stanga dirrar truleg endå etter det harde skotet.

Etter 2 nye mål av laget sin spanske toppskårar, Alex, enda kampen med siger 6-0 til gutane frå Rosendal/Uskedal.

Godt begynt er halvt fullendt, og laget har fått ein god start på årets cup-eventyr. Mandag ventar tøffare motstand når Nittedal står på andre banehalvdelen. Før den tid skal det badast i Lutvann og køyrast endå fleire rundar i berg-og-dalbana på Ekeberg.

Tekst: Bjørn Olav Tveit, trenar G14
Arkivfoto: Kristian O. Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland